



SMØLA KOMMUNE
Postboks 34

6571 SMØLA
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/01416-52

15.05.2018

Ark.: 326.12 NJG


Oppstart av namnesak 2018/210 i Smøla kommune, namn på holmar

Bakgrunn

Frå lokalkjende folk på Rossvolløya har vi fått opplyst at noen holmar har fått andre namn på kartet enn dei namna som dei er vande til å bruke. For å avgjere kva som er rett namnebruk, blir det reist namnesak.

- Der det står Kalvøya på kartet, meiner dei rett namn er Lamholmen.
- Der det står Kuliøya på kartet, meiner dei rett namn er Eilertholmen.
- Der det står Bukkholmen på kartet, meiner dei rett namn er Indre Revholmen.
- Der det står Sundholmen på kartet, meiner dei rett namn er Ytre Revholmen.
- Der det står Kjeøya på kartet, meiner dei rett namn er Tjevøya.

Her er utsnitt av kartet som viser kva for holmar det er snakk om:



Lokal høyring

Det er Statens kartverk som har vedtaksrett for skrivemåten av naturnamn. Før det blir gjort vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Det same har lokale organisasjonar om namn som dei har særleg tilknytning til. Andre som har kunnskap om namnebruken kan òg uttale seg. Saka gjeld altså *kva som er rett namn* på desse holmane, og *korleis namna skal skrivast*.

Normeringsprinsipp og saksgang

I følgje lov om stadnamn § 4 er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp når ein skal normere stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meiningsinnhaldet i namnet. I rettleiing til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte reglar for korleis stadnamn skal normerast.

Kunngjering

Det er kommunen som skal kunngjere at namnesak er reist, i to aviser som blir lesne på staden, eller på annan høveleg måte, t.d. heimeside på Internet. Kommunen har òg ansvaret for å innhente og samordne dei lokale høyringsutsegnene. Desse vert sende til *Stadnamntenesta for Midt-Noreg, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO* med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til vedtaksorganet. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå mottak av dette brevet.

Med venleg helsing

Kari Aalvik Buset
fylkeskartsjef

Nils Jørgen Gaasvik
stadnamnansvarleg

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi Stedsnavntjenesten for Midt-Norge